



**Regional samarbeidsavtale  
mellan  
regionen Nedre-Normandie og Hordaland fylkeskommune**

**Forord**

Den 29. november 1993 signerte Nedre-Normandie regionråd og Hordaland fylkeskommune ein samarbeidsavtale. Sidan den gong har begge regionane styrka si oppslutning om samarbeidet ytterlegare. Dei to regionane verdset desse banda som har si bakgrunn i sterke historiske, kulturelle, maritime og marine sambindingar. Med bakgrunn i mangfaldet i det eksisterande samarbeidet og det langvarige samhaldet mellom regionane, er det eit ønske om å utvikle ytterlegare prosjekt saman.

Overtydd om at internasjonalt samarbeid og europeiske nettverk gir ein meirverdi, og for å gjere samarbeidet meir konkret, har dei to regionane bestemt seg for å signere ein regional samarbeidsavtale som ei fornying av avtalen frå 1993. Denne avtalen er basert på ideen om berekraftig utvikling i både økonomisk, sosial og miljømessig forstand.

Tatt i betrakting:

- dei bilaterale banda mellom Frankrike og Noreg,
  - samarbeidet som allereie eksisterer mellom Nedre-Normandie og Hordaland, som skildra i forordet til denne avtalen,
  - artikkel L 1115-1 i lova som styrer franske lokale og regionale styresmakter,
  - vedtaket i plenumssamlinga av Nedre-Normandie sitt regionråd, den 17. Mai 2013,
  - visjonen som vert skildra i Hordaland Fylkeskommune sin internasjonale strategi,
- vedtar partane med dette som følgjer::

**Artikkel 1: Målsetting**

Målsettinga med denne regionale avtalen er å utvikle eit institusjonelt partnerskap og å styrke utvekslingane mellom dei to regionane på områda økonomisk utvikling, forsking og innovasjon, utdanning og yrkesopplæring og kultur, i tillegg til den maritime dimensjonen.

Regionen Nedre-Normandie og Hordaland fylkeskommune, innanfor sine respektive ansvarsområde, er med dette einige om å oppmuntre til, støtte og utvikle prosjekt innan dei områda som er lista opp. Det kan vere aktørar i regionen på alle type nivå; frå lokale styresmakter til enkeltindivid og organisasjonar.

## **Artikkel 2: Fokusområde**

Denne regionale samarbeidsavtalen har fire hovudsamarbeidsområde, i tillegg til eit gjennomgripande tema. Desse er skildra i detalj i handlingsplanen som ligg som vedlegg til denne avtalen.

- **Institusjonelt samarbeid**

Samarbeid på dette området inkluderer særleg folkevalte representantar, men òg teknisk personale som møtast for å jobbe saman om framtidige prosjekt eller med å gjennomgå resultat av eksisterande samarbeid. Samarbeid mellom lokale styresmakter vil òg bli oppmuntra.

- **Økonomisk utvikling, forsking og innovasjon**

Samarbeid på dette området inkluderer vitskapleg samarbeid, kompetanseutveksling mellom innovasjonsaktørar og tiltak for å styrke regionane sin attraktivitet og økonomiske utvikling.

- **Utdanning og yrkesopplæring**

Dette inkluderer å oppmuntre og støtte utveksling av lærarar, elevar og kompetanse mellom vidaregåande skolar og institusjonar for yrkesopplæring, med muleg støtte frå europeiske utdanningsprogram. «Hordalandsklassen» og aktivitetar som fremjar gjensidigkeit knytt til denne, er ein viktig del av utdanningssamarbeidet.

- **Kultur og felles kulturarv**

Samarbeid kan inkludere utveksling av kunstnarar, utvikling av felles produksjonar og utstillingar, økt kunnskap på kulturminnefeltet, utveksling mellom kulturinstitusjonar og støtte til festivalen «Les Boréales». Samarbeid på dette feltet inkluderer òg støtte til organisasjonar som vil samarbeide om prosjekt knytt til menneskerettar, det kollektive minnet og fred.

- **Gjennomgripande tema**

Marine/maritime aspekt vil bli utvikla i kvart av samarbeidsområda.

## **Artikkel 3: Iverksetting av samarbeidet**

Regionen Nedre-Normandie og Hordaland fylkeskommune foreslår å få på plass ein treårig handlingsplan som skisserer eit handlingsprogram for samarbeidet. Dette vil konkretisere den gjeldande avtalen gjennom å presisere kva for prosjekt ein ser føre seg innan kvart av fokusområda. Kvart år vil dei konkrete aktivitetane og møtepunkta for samarbeidet bli sett.

I tråd med fransk lovgiving erklærer regionen Nedre-Normandie sin intensjon om å allokere 38'000 euro til samarbeidet med Hordaland fylkeskommune det første året utan at dette har konsekvensar verken for finansiering gitt av samarbeidspartnerar eller potensielle kostnader forbunde med gjennomføringa av desse handlingane. Økonomiske tilskot vil bli redefinert kvart år i høve til dei felles arbeidsplanane.

## **Artikkel 4 – Varigheit og fornying av den regionale samarbeidsavtalen**

Denne avtalen er signert for ein periode på fem år og på det punktet vil avtalen og aktivitetane under avtalen bli evaluert. Avtalen vil automatisk bli fornya med mindre anna blir kommunisert.

Kvar av partane kan avslutte denne avtalen når som helst ved å gje skriftleg beskjed om det.

## **Artikkel 5: Konflikthandtering**

Det er partane sitt føremål at einkvar ueinigkeit eller konflikt mellom partane som følgjer av tolking, gjennomføring eller bruk av noen av føresegna i denne avtalen skal løysast med godvilje gjennom gjensidig konsultasjon eller forhandlingar mellom deltagarane, eller begge delar, utan innblanding av ein tredjepart eller internasjonal domstol.

## **Artikkel 6 – Avgrensinger**

Ingen av partane tar på seg ansvar for handlingane til tredjepartar eller assosiertar som kan vere involverte i aktivitetar innanfor ramma av denne avtalen.

## **Artikkel 7 - Språk**

Denne avtalen er signert på fransk og norsk og begge versjonane har lik gyldigheit.

Avtalen trer i kraft med ein gong den er signert.

Signert i Bergen den 22. mai 2013

for Laurent Beauvais  
President,  
Nedre-Normandie Regionråd



**Tom-Christer Nilsen**  
Fylkesordførar,  
Hordaland fylkeskommune